

# Sogn Sparebank

## Delårsrapport 1. kvartal 2021



© Rigmor Øygarden

# Innhold

- Hovudtal konsern
- Styret si melding
- Delårsrekneskap
- Q4-2020
- Eigenkapitaloppstilling
- Kontantstrømanalyse
- Notar

# Hovudtal konsern

	Delårsrekneskap			
		i % av gj.sn. 31.03.2021 forv.kap.		i % av gj.sn. 31.03.2020 forv.kap.
<b>RESULTATSAMANDRAG</b>				
Netto renteinntekter	27.726	1,53 %	30.571	1,82 %
Netto andre driftsinntekter	8.870	0,49 %	8.089	0,48 %
Netto avkastning finansielle investeringer	1.233	0,07 %	-3.715	-0,22 %
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>37.829</b>	<b>2,09 %</b>	<b>34.945</b>	<b>2,08 %</b>
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>25.601</b>	<b>1,41 %</b>	<b>26.778</b>	<b>1,60 %</b>
<b>Resultat før tap</b>	<b>12.228</b>	<b>0,67 %</b>	<b>8.167</b>	<b>0,49 %</b>
Tap på utlån	3.144	0,17 %	11.194	0,67 %
Skattekostnad	2.159	0,12 %	-380	-0,02 %
<b>Ordinært resultat etter skatt</b>	<b>6.925</b>	<b>0,38 %</b>	<b>-2.646</b>	<b>-0,16 %</b>
<b>Totalresultat</b>	<b>8.284</b>	<b>0,46 %</b>	<b>-743</b>	<b>-0,05 %</b>

# Nøkkeltal

NØKKELTAL	31.03.2021	31.03.2020
<b>Balansetal</b>		
Brutto utlån	5.772.948	5.550.498
Eika Boligkreditt AS	1.029.337	1.073.217
<b>Totale utlån med Eika Boligkreditt AS</b>	<b>6.802.285</b>	<b>6.623.715</b>
Innskot frå kundar	5.839.431	5.118.594
Innskotsdekning morbank	101,44 %	92,43 %
Forvaltningskapital	7.764.169	6.834.572
<b>Lønsemd</b>		
Kostnadsprosent	69,63 %	69,26 %
Eigenkapitalavkastning	2,22 %	-1,51 %
<b>Soliditet</b>		
Kapitaldekning, morbank	21,95 %	24,26 %
Kjernekapitaldekning, morbank	21,95 %	24,26 %
Rein kjernekapitaldekning, morbank	20,87 %	23,05 %
Rein kjernekapitaldekning konsolidert	20,60 %	22,13 %
Eigenkapitalandel	12,08 %	13,23 %

NØKKELTAL	31.03.2021	31.03.2020
<b>Likviditet (morbank)</b>		
LCR	192	205
NSFR	147	145
<b>Eigenkapitalbevis (morbank)</b>		
Avsett utbytte på eigenkapitalbevis førre år, blir utbetalt i år:	6,50	0,00
Bokført pr EK bevis	202,13	187,19
Kurs på eigenkapitalbevis	113,00	95,50
Pris/bokført verdi	0,56	0,51
Resultat pr. eigenkapitalbevis	1,46	-0,75
Tal kontor	7	7
Årsverk morbank	36	45,8

# Styret si melding

Sogn Sparebank legg pr. 31.03.2021 to heile driftsår bak seg, etter fusjon mellom Aurland Sparebank, Indre Sogn Sparebank og Vik Sparebank den 1. april 2019.

Rekneskapen for 1. kvartal 2021 er utarbeida i samsvar med dei internasjonale rekneskapsstandardane IFRS. Rekneskapen er presentert i samsvar med IAS 34 "delårsrapportering".

Rekneskapen for første kvartal 2021 er ikkje revidert. Alle tal som er kommentert gjeld for konsernet om ikkje anna er oppgjeve.

## Resultat

Sogn Sparebank legg fram eit driftsresultat før tap på 12,2 mill. kroner pr. 31.03.2021.

Rekneskapen til Sogn Sparebank ber preg av sterk konkurranse og fallande rentenetto i ein usikker marknad. Endring i avsetting på tap utlån som følgje av covid-19 situasjonen påverkar også resultatet.

Banken har pr. 31.03.2021 vinst på finansielle instrument.

Driftsresultatet etter skatt gir ein eigenkapitalavkastning<sup>1</sup> pr. 31.03.2021 på 2,2 %. Banken rapporterer eit totalresultatet pr. 31.03.2021 på 8,2 mill. kroner etter skatt.

Totalt sett har banken ei positiv forbetring i forhold til første kvartal 2020. Dette gjeld totalt sett for banken, og for avkastning for eigenkapitalbevis.

---

<sup>1</sup> Viser til notat «alternative resultatmål i Sogn Sparebank pr. 31.12.2020».

## Driftsinntekter

Netto renteinntekter er kr 27,7 mill., som utgjør 1,5 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Pr. 31.03.2021 var andre ordinære driftsinntekter<sup>2</sup> 10,1 mill. kroner.

## Driftskostnader

Pr. 31.03.2021 var driftskostnadene 25,6 mill. kroner.

Kostnadsprosenten i første kvartal 2021 er 69,6 %, utan fråtrekk for verdipapir

## Nedskrivningar på utlån og garantiar

Morbanken har pr. 31.03.2021 kostnadsført nedskrivningar på utlån og garantiar med 3,1 mill. kroner. Tapsavsetningane er knytt til endringar i nedskrivningar som følgje av auka risiko innan fleire bransjar. Den langvarige nedstenginga som følgje av covid-19 er ein av årsakene til auka tapsvurdering i bedriftsmarknaden.

## Avkastning på eigenkapitalbevisa

Morbanken rapporterer eit driftsresultat pr. 31.03.2021 etter berekna skatt, på 6,8 mill. kroner. Dette er om lag som forventet. Eigenkapitalbeviskapitalen har ikkje auka i perioden. I morbank er berekna avkastning på kroner 1,46 pr. eigenkapitalbevis etter skatt.

Eigenkapitalbevisa i Sogn Sparebank er noterte på Oslo Børs. Kurs pr. 31.03.2021 var kroner 113 pr. eigenkapitalbevis.

---

<sup>2</sup>Viser til notat «alternative resultatmål i Sogn Sparebank pr. 31.12.2020».

# Balanse

## Utlån

Pr. 31.03.2021 har morbanken 5.772 mill. kroner i utlån som er ein auke på 222 mill. kroner siste 12 månader og tilsvarar ein vekst på 4 %.

Lån til personmarknaden utgjer 4.813 mill. kroner, og lån til bedriftsmarknaden utgjer 959 mill. kroner.

I tillegg yter banken 1.029 mill. kroner i lån til banken sine personkundar via Eika Boligkreditt AS, ein auke på 10 mill. kroner h.i.å.

## Innskot

Pr. 31.03.2021 har morbanken 5.856 mill. kroner i innskot, som er ein auke på 726 mill. kroner siste 12 månader og tilsvarar ein vekst på 14 %.

Innskot frå personmarknaden utgjer 3.675 mill. kroner, og innskot frå bedriftsmarknaden utgjer 2.181 mill. kroner.

Innskotsdekninga i morbank pr. 31.03.2021 er 101,4 %.

## Forvaltningskapital

Pr. 31.03.2021 har morbanken ein forvaltningskapital på 7.764 mill. kroner, som er ein auke på 930 mill. kroner siste 12 månader og tilsvarar ein vekst på 13,6 %.

## Kapitaldekning

Pr. 31.03.2021 var morbank si kapitaldekning 21,95 % mot 24,26 % høve same periode i fjor. Rein kjernekapitaldekning i morbank var 20,87 % pr. 31.03.2021 mot 23,05 % pr. 31.03.2020. Banken si kapitaldekning ligg innanfor alle regulatoriske krav, og resultatet hittil i år er ikkje rekna med i kapitaldekninga.

Pr. 31.12.2021 gir forholdsmessig konsolidering av Eika Gruppen AS og Eika Bolig-kreditt AS ei konsolidert kapitaldekning på 22,07%. Rein konsolidert kjernekapitaldekning var 20,60% pr. 31.03.2021.



# Dotterselskap og tilknytt selskap

## Dotterselskap

- Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS er 100 % eigd av banken, og marknadsfører seg under namnet Aktiv Sogn. Selskapet har pr. 31.03.2021 ein tilsett.

Selskapet omsette for 0,9 mill. kroner pr. 31.03.2021, mot 0,9 mill. kroner pr. 31.03.2020. Eigenkapitalen er 0,6 mill. kroner pr. 31.03.2021 mot 0,8 mill. kroner pr. 31.03.2020.

- Sogn Sparebank eig 65 % av ISSB eigedom AS, som eig lokala banken leiger i sentrum av Sogndal. Selskapet omsette for 0,25 mill. kroner pr. 31.03.2020, om lag det same som i fjor. Eigenkapitalen er 4,4 mill. kroner pr. 31.03.21. Selskapet har ingen tilsette pr. 31.03.2021.
- Sogn Sparebank eig 35 % av Sogn Forsikring AS som sel Eika Gruppen AS sine forsikringsprodukt. Selskapet har pr. 31.03.2021 ein tilsett.

Selskapet omsette for 0,44 mill. kroner pr. 31.12.2020 mot 0,40mill. kroner pr. 31.12.2019. Overskot før skatt pr. 31.03.2021 er 38 tusen kroner, eit resultat på -8 tusen kroner pr. 31.03.2020. Eigenkapitalen er 1,0 mill. kroner pr. 31.03.2021 mot 0,9 mill. kroner pr. 31.03.2020.



# Utsiktene framover

Sogn Sparebank er godt kapitalisert og har ein god likviditet ved Q1-2021. Banken har ein sunn finansiell struktur og tilpassa balanse. På grunnlag av målbiletet for Sogn Sparebank, har styret lagt banken sin strategi. Banken vil halde fram med å forenkle og effektivisere drifta, samstundes som me vil jobbe med å auke inntektene.

God styring av risiko vil vere eit prioritert område. Sogn Sparebank legg vekt på at banken skal vere ein relevant aktør i lokalsamfunnet og ein god partner for privatkundar og verksemdar ved å vere med å stimulere til aktivitetar og verdiskaping i lokalsamfunnet, vere ein viktig bidragsytar ved å gi gåver og sponsormidlar til allmennyttige føremål.

Det har ikkje førekome hendingar etter utløp av perioden som medfører justeringar av, eller tilleggsopplysningar i rekneskapen eller i notar til rekneskapen.

Utbreiinga av koronaviruset har gitt betydelege konsekvensar for både norsk økonomi og verdsøkonomien. Korona-pandemien er ikkje over, og vi må ta høgde for nye smitteutbrot med tiltak og utfordringar for kundane våre.

Banken har som mål å finne gode løysingar for banken sine kundar i den vanskelege situasjonen fleire av desse allereie er i, eller kan kome i. God rådgiving innan lån, sparing og plassering samt forsikring er viktig.

Årdalstangen den 10. mai 2021.

*Kristine Gronner Ohnstad (s.)*

Styreleiar

*Arve Tokvam (s.)*

*Olav Vikøren (s.)*

*Anne Kauppi (s.)*

*Egon Mogens Moen (s.)*

*Anne Espeland (s.)*

*Sindre Wergeland (s.)*

*Marianne Sundal (s.)*

Tilsetterepresentant

*Leidulu Finden (s.)*

Tilsetterepresentant

*Mads Arnfinn Indrehus (s.)*

Adm. banksjef

# Delårsrekneskap Q1 - 2021

RESULTAT	Konsern			I 1.000 kr. i % av gj.sn. forv.kap.
	31.03.2021	31.03.2020	31.12.2020	31.03.2021
Renteinntekter - amortisert kost	33.912	48.395	155.666	1,87 %
Renteinntekter - verkeleg verdi	175	579	1.138	0,01 %
Rentekostnader	6.361	18.404	50.013	0,35 %
<b>Netto renteinntekter</b>	<b>27.726</b>	<b>30.571</b>	<b>106.792</b>	<b>1,53 %</b>
Utbyte	169	0	14.421	0,01 %
Provisjonsinntekter m.v.	8.098	7.607	33.567	0,45 %
Provisjonskostnader m.v.	745	993	3.813	0,04 %
Netto vinst/tap på finansielle instrument	1.064	-3.715	6.288	0,06 %
Resultatandel investering i tilknytt selskap	30	13	171	0,00 %
Andre driftsinntekter	1.487	1.462	7.458	0,08 %
<b>Netto andre driftsinntekter</b>	<b>10.103</b>	<b>4.374</b>	<b>58.091</b>	<b>0,56 %</b>
Løn og personalkostnader	12.047	12.426	54.865	0,66 %
Avskrivningar på driftsmidler	1.580	1.793	5.715	0,09 %
Andre driftskostnader	11.974	12.559	47.394	0,66 %
<b>Sum driftskostnader før tap på utlån</b>	<b>25.601</b>	<b>26.778</b>	<b>107.974</b>	<b>1,41 %</b>
Tap på utlån	3.144	11.194	18.965	0,17 %
<b>Driftsresultat før skatt</b>	<b>9.084</b>	<b>-3.026</b>	<b>37.943</b>	<b>0,50 %</b>
Skattekostnad	2.159	-380	4.677	0,12 %
<b>Resultat etter skatt</b>	<b>6.925</b>	<b>-2.646</b>	<b>33.266</b>	<b>0,38 %</b>
<b>Utvida resultat</b>				
<b>Postar som ikkje vil bli reversert i ordinært resultat</b>				
Verdiendring på finansielle eigendeler over utvida resultat	1.359	1.904	-4.914	0,08 %
<b>Postar som kan bli reversert i ordinært resultat</b>				
<b>Utvida resultat etter skatt</b>	<b>1.359</b>	<b>1.904</b>	<b>-4.914</b>	<b>0,08 %</b>
<b>Totalresultat</b>	<b>8.284</b>	<b>-743</b>	<b>28.352</b>	<b>0,46 %</b>

<b>BALANSE</b>				
<b>Eigendelar</b>	<b>31.03.2021</b>	<b>31.03.2020</b>	<b>31.12.2020</b>	<b>31.03.2021</b>
Kontantar og fordringar på sentralbankar	135.503	86.257	81.571	1,75 %
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	902.193	492.424	505.202	11,62 %
Utlån til og fordringar på kundar	5.728.362	5.514.940	5.754.927	73,78 %
Verdipapir til verkeleg verdi over resultatet	617.997	346.646	418.001	7,96 %
Verdipapir til verkeleg verdi over utvida resultat	288.317	292.943	286.958	3,71 %
Investering i dotterselskap	0	0	0	0,00 %
Investering i tilknytt selskap	221	204	362	0,00 %
Varige driftsmidlar	75.402	80.165	76.967	0,97 %
Overtekne og andre eigendelar	16.175	20.992	15.637	0,21 %
<b>Sum eigendelar</b>	<b>7.764.169</b>	<b>6.834.572</b>	<b>7.139.625</b>	<b>100 %</b>
<b>Gjeld og eigenkapital</b>				
Gjeld til kredittinstitusjonar	220.930	261.101	270.987	2,85 %
Innskot frå kundar	5.839.431	5.118.594	5.374.212	75,21 %
Gjeld ved utsteda verdipapir	700.642	501.119	500.456	9,02 %
Anna gjeld	65.612	49.236	64.259	0,85 %
<b>Sum gjeld</b>	<b>6.826.616</b>	<b>5.930.050</b>	<b>6.209.914</b>	<b>87,92 %</b>
Opptent eigenkapital	822.840	799.529	788.656	10,60 %
Innskoten eigenkapital	103.764	103.764	103.764	1,34 %
Minoritet	4.024	3.875	4.024	0,05 %
Udisponert overskot etter skatt	6.925	-2.646	33.266	0,09 %
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>937.553</b>	<b>904.522</b>	<b>929.711</b>	<b>12,08 %</b>
<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>	<b>7.764.169</b>	<b>6.834.572</b>	<b>7.139.625</b>	<b>100 %</b>
<b>Postar utanom balansen</b>				
Garantiar	65.527	91.886	65.527	
Garanti Eika Boligkreditt AS	10.349	11.854	10.349	

# Delårsrekneskap Q1 – 2021 morbank

RESULTAT	Morbank			I 1.000 kr. i % av gj.sn. forv.kap.
	31.03.2021	31.03.2020	31.12.2020	31.03.2021
Renteinntekter - amortisert kost	33.914	48.400	155.660	1,87 %
Renteinntekter - verkeleg verdi	175	579	1.138	0,01 %
Rentekostnader	6.361	18.404	50.012	0,35 %
<b>Netto renteinntekter</b>	<b>27.728</b>	<b>30.576</b>	<b>106.787</b>	<b>1,53 %</b>
Utbyte	169	0	14.421	0,01 %
Provisjonsinntekter m.v.	8.098	7.607	33.567	0,45 %
Provisjonskostnader m.v.	745	993	3.813	0,04 %
Netto vinst/tap på finansielle instrument	1.064	-3.715	6.288	0,06 %
Andre driftsinntekter	672	597	2.630	0,04 %
<b>Netto andre driftsinntekter</b>	<b>9.258</b>	<b>3.496</b>	<b>53.092</b>	<b>0,51 %</b>
Løn og personalkostnader	11.600	11.914	52.464	0,64 %
Avskrivningar på driftsmidler	1.585	1.861	5.749	0,09 %
Andre driftskostnader	11.616	12.254	45.989	0,64 %
<b>Sum driftskostnader før tap på utlån</b>	<b>24.801</b>	<b>26.028</b>	<b>104.202</b>	<b>1,37 %</b>
Tap på utlån	3.144	11.194	18.965	0,17 %
<b>Driftsresultat før skatt</b>	<b>9.041</b>	<b>-3.150</b>	<b>36.711</b>	<b>0,50 %</b>
Skattekostnad	2.156	-406	4.443	0,12 %
<b>Resultat etter skatt</b>	<b>6.885</b>	<b>-2.744</b>	<b>32.268</b>	<b>0,38 %</b>
<b>Utvida resultat</b>				
<b>Postar som ikkje vil bli reversert i ordinært resultat</b>				
Verdiendring på finansielle eigendeler over utvida resultat	1.359	1.904	-4.914	0,08 %
<b>Postar som kan bli reversert i ordinært resultat</b>				
<b>Utvida resultat etter skatt</b>	<b>1.359</b>	<b>1.904</b>	<b>-4.914</b>	<b>0,08 %</b>
<b>Totalresultat</b>	<b>8.244</b>	<b>-841</b>	<b>27.354</b>	<b>0,46 %</b>
<b>Basis og utvatna resultat per eigenkapitalbevis</b>	<b>1,46</b>	<b>-0,75</b>	<b>6,82</b>	

<b>BALANSE</b>				
<b>Eigendelar</b>	<b>31.03.2021</b>	<b>31.03.2020</b>	<b>31.12.2020</b>	<b>31.03.2021</b>
Kontantar og fordringar på sentralbankar	135.503	86.257	81.571	1,75 %
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	902.556	492.921	505.565	11,63 %
Utlån til og fordringar på kundar	5.728.362	5.514.940	5.754.927	73,83 %
Verdipapir til verkeleg verdi over resultatet	617.997	346.646	418.001	7,96 %
Verdipapir til verkeleg verdi over utvida resultat	288.317	292.943	286.958	3,72 %
Investering i dotterselskap	8.150	8.829	8.150	0,11 %
Investering i tilknyttta selskap	135	135	135	0,00 %
Varige driftsmidlar	63.505	68.677	65.090	0,82 %
Overtekne og andre eigendelar	14.408	19.449	14.250	0,19 %
<b>Sum eigendelar</b>	<b>7.758.932</b>	<b>6.830.797</b>	<b>7.134.646</b>	<b>100 %</b>
<b>Gjeld og eigenkapital</b>				
Gjeld til kredittinstitusjonar	220.567	260.604	270.624	2,84 %
Innskot frå kundar	5.856.245	5.130.358	5.389.377	75,48 %
Gjeld ved utsteda verdipapir	700.642	501.119	500.456	9,03 %
Anna gjeld	48.704	38.035	49.218	0,63 %
<b>Sum gjeld</b>	<b>6.826.159</b>	<b>5.930.115</b>	<b>6.209.676</b>	<b>87,98 %</b>
Opptent eigenkapital	822.124	799.662	788.938	10,60 %
Innskoten eigenkapital	103.764	103.764	103.764	1,34 %
Udisponert overskot etter skatt	6.885	-2.744	32.268	0,09 %
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>932.773</b>	<b>900.682</b>	<b>924.971</b>	<b>12,02 %</b>
<b>Sum gjeld og eigenkapital</b>	<b>7.758.932</b>	<b>6.830.797</b>	<b>7.134.646</b>	<b>100 %</b>
<b>Postar utanom balansen</b>				
Garantiar	65.527	91.886	65.527	
Garanti Eika Boligkreditt AS	10.349	11.854	10.349	

# Eigenkapitaloppstilling

## Eigenkapitaloppstilling konsern pr. 31.03.2021

	Innskoten eigenkapital				Opptent eigenkapital				i 1.000 kr	
	Eigen- kapital- bevis	Eigne eigenkapital- bevis	Overkurs- fond	Fonds- obligasjon	Spare- banken sitt fond	Utjavnings- fond	Gåvefond	Fond for urealiserte vinstar	Minoritet	Sum eigen- kapital
<b>Eigenkapital 01.01.2020</b>	<b>31.625</b>	<b>-673</b>	<b>32.812</b>	<b>40.000</b>	<b>686.653</b>	<b>44.954</b>	<b>32.874</b>	<b>33.823</b>	<b>3.830</b>	<b>905.894</b>
Resultat etter skatt					25.749	4.723	2.600		194	33.266
Verdiendring tilgjengeleg for sal portefølje								-4.914		-4.914
<b>Totalresultat 31.12.2020</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>25.749</b>	<b>4.723</b>	<b>2.600</b>	<b>-4.914</b>	<b>194</b>	<b>28.352</b>
Utbetalt utbyte for 2019						0				0
Utbetalt frå gåvefond							-2.496			-2.496
Renter på fondsobligasjon					-1.748	-291				-2.039
<b>Eigenkapital 31.12.2020</b>	<b>31.625</b>		<b>32.812</b>	<b>40.000</b>	<b>710.655</b>	<b>49.386</b>	<b>32.978</b>	<b>28.909</b>	<b>4.024</b>	<b>929.711</b>
<b>Eigenkapital 01.01.2021</b>	<b>31.625</b>		<b>32.812</b>	<b>40.000</b>	<b>710.655</b>	<b>49.386</b>	<b>32.978</b>	<b>28.909</b>	<b>4.024</b>	<b>929.711</b>
Resultat etter skatt					5.892	982			51	6.925
Verdiendring på finansielle eigendeler over utvida resultat								1.359		1.359
<b>Totalresultat 31.03.2021</b>	<b>0</b>		<b>0</b>	<b>0</b>	<b>5.892</b>	<b>982</b>	<b>0</b>	<b>1.359</b>	<b>51</b>	<b>8.284</b>
Utbetalt utbyte for 2020						0				0
Utbetalt frå gåvefond							0			0
Renter på fondsobligasjon					-378	-63				-442
<b>Eigenkapital 31.03.2021</b>	<b>31.625</b>		<b>32.812</b>	<b>40.000</b>	<b>716.169</b>	<b>50.304</b>	<b>32.978</b>	<b>30.268</b>	<b>4.075</b>	<b>937.553</b>



# Eigenkapitaloppstilling

## Eigenkapitaloppstilling morbank pr. 31.03.2021

	Innskoten egenkapital				Opptent egenkapital				i 1.000 kr	
	Eigenkapitalbevis	Eigne egenkapitalbevis	Overkursfond	Fondsobligasjon	Sparebanken sitt fond	Utjavningsfond	Gåvefond	Fond for urealiserte vinster	Sum egenkapital	
<b>Eigenkapital 01.01.2020</b>	<b>31.625</b>	<b>-673</b>	<b>32.812</b>	<b>40.000</b>	<b>685.127</b>	<b>44.352</b>	<b>32.874</b>	<b>36.034</b>	<b>0</b>	<b>902.152</b>
Resultat etter skatt					25.060	4.608	2.600			32.268
Verdiendring på finansielle eigendeler over utvida resultat								-4.914		-4.914
<b>Totalresultat 31.12.2020</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>25.060</b>	<b>4.608</b>	<b>2.600</b>	<b>-4.914</b>	<b>0</b>	<b>27.354</b>
Utbetalt utbytte for 2019						0				0
Utbetalt frå gåvefond							-2.496			-2.496
Renter på fondsobligasjon				0	-1.748	-291				-2.039
<b>Eigenkapital 31.12.2020</b>	<b>31.625</b>	<b>-673</b>	<b>32.812</b>	<b>40.000</b>	<b>708.440</b>	<b>48.669</b>	<b>32.978</b>	<b>31.120</b>	<b>0</b>	<b>924.971</b>
<b>Eigenkapital 01.01.2021</b>	<b>31.625</b>	<b>-673</b>	<b>32.812</b>	<b>40.000</b>	<b>708.440</b>	<b>48.669</b>	<b>32.978</b>	<b>31.120</b>	<b>0</b>	<b>924.971</b>
Resultat etter skatt					5.902	983				6.885
Verdiendring på finansielle eigendeler over utvida resultat								1.359		1.359
<b>Totalresultat 31.03.2021</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>5.902</b>	<b>983</b>	<b>0</b>	<b>1.359</b>	<b>0</b>	<b>8.244</b>
Utbetalt utbytte for 2020										0
Utbetalt frå gåvefond							0			0
Renter på fondsobligasjon				0	-378	-63				-442
<b>Eigenkapital 31.03.2021</b>	<b>31.625</b>	<b>-673</b>	<b>32.812</b>	<b>40.000</b>	<b>713.963</b>	<b>49.589</b>	<b>32.978</b>	<b>32.479</b>	<b>0</b>	<b>932.774</b>

# Kontantstramanalyse

## Morbank

## Konsern

31.12.2020	31.03.2020	31.03.2021		31.03.2021	31.03.2020	31.12.2020
<b>Kontantstraumar frå operasjonelle aktivitetar</b>						
-360.575	-112.816	23.421	Netto utbetaling av utlån til kundar	23.421	-112.816	-360.575
153.395	46.910	33.679	Renteinnbetalingar på utlån til kundar	33.679	46.910	153.395
0	0	0	Overtekne eigendelar	0	0	0
268.546	9.527	466.868	Netto innbetaling/-utbetaling av innskot frå kundar	466.868	9.527	268.546
-39.164	-14.261	-4.540	Renteutbetalingar på innskot frå kundar	-4.528	-14.261	-39.152
-20.646	-666	0	Endring fordringar og gjeld på kredittinstitusjonar	-610	-666	-21.256
-1.753	116	-292	Renter på fordringar og gjeld til kredittinstitusjonar	-285	116	-1.746
13.163	955	4.986	Netto sal/-kjøp av sertifikat og obligasjonar	4.986	955	13.163
1.338	579	175	Renteinnbetalingar på sertifikat og obligasjonar	175	579	1.338
29.753	6.614	7.353	Netto provisjonsinnbetalingar	7.353	6.614	29.753
-231.432	-70.000	-258.722	Utbetaling ved kjøp av kortsiktige investeringar i aksjar	-258.722	-70.000	-231.432
156.571	54.516	50.681	Innbetaling frå sal av kortsiktige investeringar i aksjar	50.681	54.516	156.571
-85.501	-14.259	-19.093	Utbetalingar til drift	-18.286	-14.189	-84.464
-1.750	2.159	-2.156	Betalt skatt	-2.372	2.185	-1.966
-2.496	-30	0	Utbetalte gåver av overskot	0	-30	-2.496
<b>-120.548</b>	<b>-90.657</b>	<b>302.360</b>	<b>A Netto kontantstraum frå operasjonelle aktivitetar</b>	<b>302.360</b>	<b>-90.561</b>	<b>-120.318</b>
<b>Kontantstraumar frå investeringar</b>						
-1.182	-305	0	Investering i varige driftsmidlar	0	-305	-1.182
576	0	0	Innbetaling frå sal av varige driftsmidlar	0	0	576
0	0	0	Langsiktige investeringar i aksjar	0	0	0
8.722	8.722	0	Innbetaling frå sal langsiktige investeringar i aksjar	0	8.722	8.722
0	0	0	Innbetaling av kontantar og fordringar på bankar ved fusjon	0	0	0
14.420	0	169	Utbyte frå langsiktige investeringar i aksjar	169	0	14.420
<b>22.536</b>	<b>8.417</b>	<b>169</b>	<b>B Netto kontantstraum frå investeringsaktivitet</b>	<b>169</b>	<b>8.417</b>	<b>22.536</b>

i 1.000 kr

Morbank				Konsern		
31.12.2020	31.03.2020	31.03.2021		31.03.2021	31.03.2020	31.12.2020
			<b>Kontantstraumar frå finansiering</b>			
199.785	200.354	199.850	Opptak av gjeld stifta ved utsteding av verdipapir	199.850	200.354	199.785
-100.254	-100.254	0	Tilbakebetaling - utsteding av verdipapir	0	-100.254	-100.254
-7.030	-2.768	-958	Renteutbetalningar på gjeld stifta ved utsteding av verdipapir	-958	-2.768	-7.030
190.000	140.000	0	Opptak av lån til kredittinstitusjonar	0	140.000	190.000
-100.000	-80.000	-50.057	Tilbakebetaling av lån til kredittinstitusjonar	-50.057	-80.000	-100.000
-2.039	-600	-442	Utbytte fondsobligasjon	-442	-600	-2.039
0	0	0	Utbytte til eigenkapitalbeviseigarane	0	0	0
<b>180.462</b>	<b>156.732</b>	<b>148.393</b>	<b>C Netto kontantstraum frå finansieringsaktivitet</b>	<b>148.393</b>	<b>156.732</b>	<b>180.462</b>
<b>82.451</b>	<b>74.492</b>	<b>450.922</b>	<b>A + B + C Netto endring likvidar i perioden</b>	<b>450.922</b>	<b>74.588</b>	<b>82.681</b>
504.685	504.685	587.136	Likviditetsbeholdning ved starten av perioden	586.773	504.092	504.092
587.136	579.177	1.038.058	Likviditetsbeholdning ved slutten av perioden	1.037.695	578.680	586.773
			<b>Likvidetsbeholdning spesifisert:</b>			
81.571	86.257	135.503	Kontantar og fordringar på Noregs Bank	135.503	86.257	81.571
505.565	492.921	902.556	Fordringar på kredittinstitusjonar utan oppseiingstid	902.193	492.424	505.202
<b>587.136</b>	<b>579.177</b>	<b>1.038.058</b>	<b>Likviditetsbeholdning</b>	<b>1.037.695</b>	<b>578.680</b>	<b>586.773</b>

Kontantstraumanalysen er utarbeidd etter den direkte metoden, og viser korleis morbank og konsern har fått tilført likvide midlar og korleis desse er brukt.

Likvidar omfattar kontantar og fordringar på Noregs Bank, samt utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar.

# Notar

## 1 Generell informasjon

Rekneskapen gjeld for perioden 01.01.2021 til 31.03.2021. Alle tal er presentert i norske kroner og i heile tusen, med mindre anna er spesifisert i notane. Sogn Sparebank innreknar dotterselskapa Sogn Sparebank Eigedomsmekling AS og ISSB Eigedom AS i konsernrekneskapet.

Rekneskapen for første kvartal 2021 vart vedteke av styret 10. mai 2021.

## 2 Rekneskapsprinsipp og rekneskapsestimat

Rekneskapen til konsernet Sogn Sparebank er utarbeida i samsvar med IAS 34 (IFRS) og fortolkingar frå IFRS fortolkingskomité (IFRIC), som er fastset av EU.

Banken nyttar dei same rekneskapsprinsippa og utrekningane som vart nytta i årsrekneskapen til Sogn Sparebank for 2020, med mindre anna kjem fram av notane nedanfor.

## Kritiske estimat og vurderingar vedkomande bruk av rekneskapsprinsipp

Utarbeiding av rekneskap i samsvar med generelt aksepterte rekneskapsprinsipp krev at leiinga i ein del tilfelle tek føresetnader og må bruke estimat og skjønsmessige vurderingar. Estimat og skjønsmessige vurderingar blir evaluert løpande, og er basert på historiske erfaringar og føresetnader om framtidige hendingar som vert vurdert som sannsynlege på balansetidspunktet. Det er knytt usikkerheit til føresetnadane og forventningane som ligg til grunn for estimata og dei skjønsmessige vurderingane som er brukte.

## Nedskrivningar på utlån

For individuelt vurderte utlån i steg 3 og for grupper av utlån som er identifisert som usikre, vert det gjort berekningar for å fastsetje verdien på kvart enkelt utlån eller på grupper av utlån. Berekningane føreset at det vert nytta storleikar som er basert på vurderingar, og desse påverkar igjen dei berekna verdiane.

Vurderingar av nedskrivningar vert gjennomførte kvart kvartal. Prosessen med individuelle og gruppevise vurderingar i samband med nedskrivningar i steg 3, har ikkje vorte endra som følgje av covid-19.

## Nedskrivningar i steg 1 og 2

Engasjement som ikkje er vorte individuelt nedskrivne, inngår i berekning av statistiske nedskrivningar (IFRS 9-nedskrivningar) på utlån og garantiar. Nedskrivning vert berekna på grunnlag av utviklinga i kundane sin risikoklassifisering og tapserfaring for dei respektive kundegruppene. Utover dette vert det lagt vekt på konjunktur- og marknadsutvikling (makrotilhøve) som enno ikkje har fått effekt på det berekna nedskrivingsbehovet på kundegrupper totalt.

Den statistiske modellen for berekning av «Expected credit losses» (ECL) på engasjementa byggjer på fleire kritiske føresetnadar, herunder sannsynlegheit for misleghald, tap ved misleghald, forventa levetid på engasjementa og makroutvikling. Sjå note om generelle rekneskapsprinsipp i rapporten årsmelding og rekneskap for 2020 for ei skildring av nedskrivingsmodellen under IFRS 9, og omtale av vesentleg auke i kredittrisiko og kriteria for overgang til steg 2. Betalingslette gitt som konsekvens av covid-19 situasjonen, har ikkje automatisk ført til forbearancemarkering eller overgang til steg 2.

Både betydeleg uvisse knytt til estimata, og det at situasjonen med covid-19 epidemien oppstod nær kvartalsavslutninga, fører til at det er nødvendig å nytte vesentleg meir skjønn og gruppevis tilnærming i berekning av nedskrivingar på utlån. Dei modellberekna nedskrivingane tek ikkje tilstrekkeleg høgde for den usikre situasjonen banken finn seg i, med vesentleg svekka makroøkonomiske utsikter samanlikna med utsiktene som ligg til grunn i den eksisterande nedskrivingsmodellen.

Banken har berekna nedskrivingar i steg 1 og steg 2 for kundar i bedriftsmarknaden, på grunnlag av kor utsette dei ulike bransjane er innanfor banken sine engasjement. Nedskrivingane for engasjement innanfor ulike bransjar vert tilført ein justeringsfaktor i prosent avhengig av risikograd. Det er teke omsyn til støtteordningar frå staten i vurderingane av justeringsfaktorar for dei ulike bransjane. Justeringsfaktoren for den enkelte bransje vert multiplisert med banken si eksponering i kvar bransje. Dei berekna nedskrivingsbeløpa etter risiko og eksponering, vert så lagt til dei modellberekna nedskrivingane per bransje. Nedskrivingar på utlån til bedriftsmarknaden i steg 1 og steg 2 er auka med 2,1 mill. i førrste kvartal. Fordelinga på steg 1 og 2 går fram av note 6.1 og 6.4.

Kredittengasjement innan personmarknaden er mindre utsett for tap. Banken har i hovudsak utlån med pant i bustadar som har låg gjennomsnittleg belåningsgrad. Velferdsordningane i Noreg, inkl. spesifikke tiltak innført i samband med covid-19 situasjonen til dømes for permitterte, fører òg til at engasjementa innan personmarknaden er mindre utsett for tap. Likevel er det risiko for auka tap òg i denne porteføljen, og det er berekna tilleggsnedskrivingar med ein justeringsfaktor multiplisert med uteståande eksponering. Nedskrivingar på utlån til personmarknaden i steg 1 og steg 2 er liten redusert med 14 tusen kroner i første kvartal. Fordelinga på steg 1 og 2 går fram av note 6.1 og 6.4.

